

VIGMOSTADBOKA

AV
TORE BERGSTØL

BAND II
NÆRINGS- OG KULTURLIVET



1269

914.832

B454v/

2

Kristianrands Folkebibliotek

535

1960

Trykt hos Salvesen & Co., Mandø.
Innbunde av N. Hammersmark Bokbinderi, Kristiansand S.
Dei fleste foto er tekne av forfattaren.
Klisjear: Stavanger Klisjé.

Føreord.

Når eg nå sender ut andre bandet av Vigmostadboka, så kan eg ikkje seia at eg er særleg glad for å vera komen til «vegs-ende». Arbeidet har vore så interessant at eg skulle så gjerne ha teke fatt att på nytt.

Som eg har sagt i føreordet til band I, så køyrde eg, på grunn av alderen, nokså hardt på dei tre første åra. Arbeidet med dette bandet har og teke tre år, men det har ikkje kravt så mykje arkivgranskning. Det har vore meir heimearbeid. Ein del av sommaren 1959 gjekk med til fotografering. Dette var eit område eg ikkje hadde vore inne på før, så det hadde sine vanskar. Resultatet hadde sikkert blitt bere om ein hadde hatt fagfolk til å ta alle bilda, men det hadde blitt for kostbart å leiga fagfolk til å gå alle dei krokår og vegar eg måtte gå.

En del av bildestoffet har eg med stor velvilje fått utlånt av J. W. Cappelens forlag — bilder som er nytta i det store og verdfulle bokverket «Vår gamle bondekultur» av Kristofer Visted og Hilmar Stigum.

H. Aschehoug & Co's forlag har og velvillig gitt tillatelse til å nytta bildestoff frå Oscar Albert Johnsens bok «Norges Bønder».

Det stoffet som byggjer på folketradisjonen er henta frå samlingane mine «Atterljom I - II og III». Ordformene her er farga av bygdemålet og fylgjer ikkje strengt normalrettskrivninga.

Nå vil ein finna at det i dette bandet jamt er vist til band I og like eins til Atterljom. Ein vil då ikkje ha full nytte av dette bandet dersom ein ikkje har første bandet og Atterljom I - II og III. Desse tre bøkene er nokså billige og er lette å få tak i gjennom bokhandelen.

Så må eg takka Lokalhistorisk Institutt, Oslo, som har gått kritisk igjennom det meste av manuskriptet til dette bandet, og eg er sers takksam for dei råd og rettleiingar eg der har fått. Like eins må eg takka Sverre Aukland som og har lese igjennom manuskriptet og gitt råd og rettleiing.

Leiv Ougland har teke nokre bilder for boka, og han og broren, Knud, har velvillig lånt ut to fotografiapparat til bruk under fotograferinga.

tredje. Dei måtte då sjølsagt fylgja sporet mellom dei samantvinna tåttane. Når dei så kom til endes på den tredje tåttan, var tauet ferdig. Dersom det stakk ut nokre små bastefibrar, blei dei klypt av.

Dette er eit godt døme på kor oppfinnsomme og sjølhjelpete folk var i gamal tid og korleis dei nytta ut naturtilhøva i arbeidslivet.

Perlefiske.

Like til for ein 50 år sidan var det ei mengd med skjøl i Audna. Men så minka det etter kvart av, og nå er dei heilt borte. Dei var svarte på let og omlag 4 tommar lange og 2½ tomme breie og 1 tomme på det tykkaste. Det var som to avlange skåler som var lagt i mot kvarandre. Dei var opne etter den tynnaste kanten og sterkt samanvoksne der dei var tykkast. Dei kunne opnast som ei bok, men ryggbanda klemde dei godt saman. Inni låg det ein musling.

Når ein opna desse skjølene, kunne ein av og til finna perler. Dei kunne vera så store som små erter. Nokre av dei var gråbrune, men enkelte var skinande blanke.

Dei gamle fortalte at danskedronninga hadde ein retten til perlefisket i Audna og at det var funne så blanke perler der at ho sette ei på kvar voggestolpe, og dei lyste som ein moreld, så ho slapp å ha lys ved vogga for prinsen eller prinsessa.

At danskedronninga hadde retten til perlefisket i Audna, syner eit brev av 20-2 1760. Der heiter det til innleiing:

«Hendes Majestæts Dronning Juliane Mariæ Dronning til Danne-march og Norge, de Venders og Gothers, Hertuginde til Slesvig, Holstein, Stormarn og Ditmarsken, Grævinde udi Oldenborg og Delmenhorst, fød Prinsesse til Brunsvig-Wolfenhytter Allernådigst beskikkede Inspecteur over Perlefangsten i Norge, Matthias Hencke Gjør herved vitterligt, at jeg haver antaget og beskikket som jeg og herved forordner Bent Olsen Hegbostad til Hendes Majestæts Dronningens Tieneste, at være Perlefisker ved Undals Elv.»

Han måtte då avlegga eid på at han skulle levera alle perler han fant til inspektøren. Som løn skulle han m. a. vera fri for «Udskrivning til Lands og Vands i Krigs- og Freds-Tider, Frihed for Skyds, Tingmand og Vedevagt».

Dette brevet kom for dagen i 1920-åra, lenge etter at segna var nedskreven, og det er eit svært interessant prov for at folketradisjonen kan

ha ei historisk kjerne. Denne segna har altså levt på folkemunne i Vigmostad i 200 år.

Første gongen perlefisket i Audna er nemnt i skriftlege kjelder, er i ei tingbok for eit ting på Vigeland den 26. september 1684. Der blir folk frå Undal mistenkt for perlefiske. Det var Per og Tore Spilling — Børu Torkelson, Børu Torjeson og Halkjel Torkelson Løland — Per, Eirik, Odd og Ånen Tryland. Men dei nektar alle, så dei fekk visst ikkje noko på dei.

Den 30. okt. 1720 blir Kresten Person Tryland — Ånen Olson Spilling og Jakob Guttormsen Vigmostad innsett som perlefiskarar og må avlegga eid på at dei ikkje skal sela perler til andre enn kongens inspektør.

I ei melding av futen A. Astrup i 1743 heiter det at dei kunne samla i tønnevis med skjøl. I gjennomsnitt fant dei 4 blanke perler for kvar tønne. Når dei la perlene etter kvarandre, så gjekk det 4—5 på tommen.

Men som sagt — nå finst det ikkje skjøl i Audna. Årsaka er muligens kalkmangel i vannet etter at det blei stutt på brenninga i skogane.

Haustonna.

Tre veker etter jonsok tok dei til med haustonna. Dei reiste først til utslåttene. Då dro dei heimantil i flokk og fylgje med ljåar og river og nistekorger og småungar på ryggen.

Når dei så var komne fram, var det ikkje lenge før struketikkene tok til å skrapa mot ljåane, og slåttentok til.

I kvildene samlast dei under eit gamalt tre eller i skuggen av ein stor stein, og då var det mykje moro. Då fortalde dei gamle soger og nye hendingar.

I slåttene hadde dei for det meste løer til å ha høvet i.



Ei lita slåtteleo.

